

Vestland Fylkeskommune

v/ senior rådgjevar Anne-Lene Normann eller rett person i Vestland Fylke

Førde, 25.10.18



Hornnesvegen 1, 6809 Førde

T: 577 21 070

post@smiso-sf.no

www.smiso-sf.no

## Søknad om årleg driftstilskot

Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane (Smiso SF) søker Vestland Fylkeskommune om driftstilskot for 2020 på;

**kr 130 000,-**

Senteret opererer med ein finansieringsmodell der 80 % av driftsmidlane er statstilskot medan 20 % er lokale tilskot frå kommunar, helseføretak og fylkeskommune. For å få utløyst statstilskotet er vi avhengig av at fylkeskommunen **merkar tilskotet med «driftstilskot»**. Smiso SF sitt kontonr er 3705 21 59009, innan 15.01.20.

På bakgrunn av nye ressurskrevjande tiltak og auka etterspurnad søker vi om kr 30 000 meir i stønad. Vi har ikkje spurt fylkeskommunen om auke i stønaden sidan 2013. Nye tiltak gjeld spesielt opplæring av alle barnehagetilsette i vår region (Sogn og Fjordane) i «Hjartesamling», og overføring av «Trygg på trening» som har vore eit samarbeid mellom Redd Barna, Hordaland Idrettskrets og Smiso Hordaland til vår region, der Smiso Sogn og Fjordane går inn for Smiso Hordaland.

I nye Vestland fylke vil det bli to Smiso sentre. Smiso Hordaland (18 tilsette) og Smiso Sogn og Fjordane (4 tilsette). Desse to sentera samarbeider godt, og samanslåinga vil ikkje by på dei store utfordringane for oss dersom det nye fylket tek omsyn til drifta vår og vidarefører stønaden. Begge sentera er avhengig av denne. Dersom ein berre ser på stønaden ut frå innbyggjartal, så har Smiso Sogn og Fjordane fått meir stønad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune enn Smiso Hordaland har fått frå Hordaland fylkeskommune. Vi vonar Vestland fylket vil sjå på fleire faktorar ved tildeling av stønad. Minimum bemanning for å ha ei forsvarleg drift, omfattande førebyggjande arbeid, og dei lange reiseavstandane vi har for å kunne gje eit godt tilbod ut til alle kommunane.

### Kort om Smiso SF

Smiso er eit tilbod som gjev fylket tilgang til spisskompetanse og lågterskeltilbod innanfor eit utfordrande felt. Smiso SF gjev utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande eit tilbod om hjelp og støtte. Vi er eit supplement til det offentlege hjelpeapparatet, men samarbeider med offentlege tenester, som for eksempel overgrepsmottak, Barnehuset, psykisk helsevern m.fl. I tillegg held vi føredrag og gjev rettleiing til fagpersonar, organisasjonar, studentar og andre.

Smiso SF opplev stadig auke i pågang frå brukarar, hjelpeapparatet og fagmiljøet i fylket. Vi tenkjer at årsaka til pågangen for det meste skuldast at fleire kjenner til oss og veit kva vi kan tilby. Vi hadde ei auke på over 60 % frå 2017 til 2018 frå utsette, pårørande og samarbeidspartar, frå 1064 i 2017 til 1718 i 2018. Tala for 2019 er ikkje klar, men vi ser ei stadig auke.

I dag er seksuelle overgrep mot born eit av Noregs største folkehelseproblem. Forsking synar at kvar 7. jente og kvar 14. gut har vore utsett for alvorlege seksuelle krenkingar før fylte 18 år (Nova 2016). Undersøkingar viser også at halvparten av alle vaksne med psykiske lidingar har vore utsette for seksuelle overgrep eller vald som barn. Smiso utgjer eit rimeleg og viktig tilskot til tenestetilbodet i fylket. Arbeidet vi gjer er helsefremmande. Brukarane våre

uttrykkjer ein auke i livskvalitet og trivsel. Dei meistrar betre utfordringar i kvardagen, og fleire av våre brukarar har gjennom dei åra Smiso har vore i fylket komen seg i jobb igjen etter fleire år som ufør.

### Undervisning i grunnskulen.

Undervisninga er eit **helsefremmande og førebyggjande** tiltak, der viktige tema som incest og seksuelle overgrep, rus og vald i heimen, skilsmisse og psykisk sjuke føresette vert teken opp. Undervisninga er gratis for skulane. Helsesjukepleiarar og lærarar er med på undervisninga, og tilbakemeldingane er udelt positive. Mange barn tek kontakt etter undervisninga for å fortelje om vonde og vanskelege opplevingar og forhold dei lev i eller har hatt. Kvart år underviser vi alle elevar på 6.trinn i fylket, ca 1500 elevar på 109 skular. Til tross for at vi er eit av dei mindre sentera i landet, med berre fire tilsette, er vi blant dei som tilbyr mest førebyggjande undervisning til barn. Syner elles til rapport sendt dykk 25.10.19. Vi vil presisere at utan midlar frå Vestland fylkeskommune vil det ikkje vere mogleg for oss og gjennomføre dette førebyggjande arbeidet.

### Hjartesamling

Hjartesamling er ein metode utvikla for å gje barn språk og verktøy til å kunne fortelje om det som er vanskeleg. Det er eit førebyggjande arbeid mot vald og seksuelle overgrep. Samlingane er lagt opp etter 5 tema som alle er viktige trinn i utviklinga av språk og forståing som gjer det mogleg for barna å sei ifrå. Smiso SF tilbyr opplæring til barnehagetilsette i desse 5 tema, som vert lagt opp til 5 samlingar som dei tilsette kan bruke i barnehagen. Tema i rekkjefølgje: 1. Berøringar 2. Kjensler 3. Mobbing 4. Hemmelegheiter 5. Kroppen

### Trygg på trening

Målsettinga med "Trygg på trening" er å skape trygge arena for barn gjennom at trenarar får auka kunnskap og handlingskompetanse om seksuelle overgrep mot barn og slik sikre at idretten blir eit trygt sted for alle barn og unge.

Rapportar frå Verdens Helseorganisasjon synar at konsekvensane av overgrep mot barn både psykisk, fysisk og samfunnsøkonomisk kostar samfunnet mellom ein og to prosent av Bruttonasjonalprodukt. Vi tenkjer difor at det er eit billeg spleiselag å vere med på, for å gje dei utsette eit godt tilbod, og for å førebyggje seksuelle overgrep i fylket vårt. Kr 130 000 frå Vestland fylkeskommune **utløyser statstilskot på kr 520 000**, ein sum som for oss vil vere avgjerande for vårt vidare arbeid. Vi vonar at Vestland fylkeskommune og vil sjå på dette som eit rimeleg bidrag.

Til slutt vil vi presisere at arbeidet som senteret gjer for dei overgrepsutsette i fylket vårt ikkje er ein del av kommunane sine lovpålagte oppgåver. Vi må søkje kommunane om driftsstønad kvart år, denne driftsstønaden er då primært for å drifte sjølve senteret, der utsette og deira pårørande får tilbod om hjelp og støtte. Det førebyggjande arbeidet må vi

difor, i stor grad, finansiere på anna vis. Vi har eit brennande engasjement for det førebyggjande arbeidet vårt, då vi til dagleg dei store negative konsekvensane overgrep fører med seg. Vi er heilt avhengig av stønaden frå fylkeskommunen for å kunne halde fram med dette arbeidet. Vi håpar samanslåinga av fylka våre vil gjere oss endå betre og de framleis er med på å støtte oss.

Dersom de ønskjer meir informasjon ta gjerne kontakt, viser og til heimesida vår [www.smiso-sf.no](http://www.smiso-sf.no) og Årsmeldinga for 2018 som ligg vedlagt for meir utfyllande informasjon om senteret og tilboda våre. Vi kan og kome til dykk og fortelje meir om oss dersom det er ønskjeleg.

På førehand takk.

Med vennleg helsing  
sign. Chatrine Elholm  
-dagleg leiar Smiso SF-

*Vedlegg:  
Årsmelding 2018  
Rapport frå grunnskuleundervisninga*